

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 19. desember 2025

Stad: Kommunestyresalen i Nesbyen kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, regionalutviklar
Guro Flatland Veslehaug, klimakoordinator

Forfall:

Bjarte Reve	Hemsedal kommune
-------------	------------------

SAK 74/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28. NOVEMBER 2025**Vedtak:**

Protokollen frå møte 28. november. 2025 er godkjent.

SAK 75/25 ORIENTERING OM SISTE UTVIKLING I UPSTREAM AS

Torleif Bjella orienterte om siste Upstream AS. Landbasert fiskeoppdrett. Sjå presentasjon

SAK 76/25 ORIENTERING OM HALLINGDAL NÆRINGSHAGE/V ADNAN HELJA

Adnan Helja gav ein statusrapport frå Hallingdal Næringshage

Vedtak:

Regionrådet utfordrar fylkeskommunen til å orientere om ev konsekvensar av endringar i statsbudsjett for 2026 relatert til SIVA og Innovasjon Norge herunder;

- Siva sine næringshageprogram blir overført til IN for å skapa tydelegare roller.
- Siva sine eigardelar i innovasjonsselskap skal avhendast over tre år.

SAK 77/25 VIDAREFØRING OG FORANKRING AV BOLIGGUIDEN I HALLINGDAL**Forslag til vedtak:**

1. Kommunane deltek vidare i Prosjekt Boligguiden med eit årleg tilskot på kr 30.000 kvar eller 180.000 totalt etter eiga fordeling. For 2026 blir dette finansiert frå Regionrådet sitt disposisjonsfond, Frå 2027 blir det innarbeid i Regionrådet sitt budsjett.
2. Regionrådet ser at Boligguiden kan vera eit viktig verktøy for busetting, rekruttering og regional utvikling, og nettsidene blir derfor innarbeid på «hallingdal.no.»
3. Hallingdal Næringshage vidarefører prosjektleiinga gjennom ei prosjektleiarstilling på ca. 20 %. Prosjektet skal evaluerast før desember 2026.
4. Prosjektet skal gjennomføre bustadkonferansar eller temamøte i kommunar som ønskjer det, med støtte frå bubolystforum, og med innhald tilpassa lokale behov.

SAK 78/25 VIDAREFØRING AV BEREKRAFTIG REISEMÅL.**Forslag til vedtak:**

1. Regionrådet rår dei kommunane som ynskjer det til å vidareføre regional ressurs i arbeidet med Berekraftig Reisemål i Hallingdal fram til 2029 ved å løyve eit samla årleg tilskot på kr 300.000.
2. Organisering, arbeidsfordeling og økonomi rådst til å gjerast i tråd med vedlegg i saka.

SAK 79/25 INSPIRASJONSTUR FOR REGIONRÅDET

Regionrådet drøfta ulike idear. Det kom forslag om «Den gyldne omveg» Innherred – Innerøya kombinert med Åre. Eit alternativt forslag var Bergensområdet sett i lys av «SmartCity». Det vart også drøfta om heile Hallingtinget skulle delta, eller om ein kunne arrangere ein tur for regionrådet og ein annan for Hallingtinget. Aktuelle datoar for Regionrådet er 26-27 mars og for Hallingtinget er aktuelle datoar 23 – 24 april.

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen finne prisar og reisemåtar på dei ulike alternativa. Pål, Jørund, Hege og Heidi er med i programkomiteen.

SAK 80/25 ORIENTERING FRÅ DEI ULIKE VERVA REGIONRÅDET ER INNE I.

Pål: Fagråd i etablerersenteret: Etablerersenteret har sendt ut årsrapport på drifta.

Sigrid: Representantskapsmøte i Hallingdal Renovasjon: Fokus på økonomi, framtidsutsikter, samt sjå på selskapsavtala når ein ikkje lenger skal ha forbrenningsomn.

Næringsshagen: fokus på økonomi

Merete: PPT og OT: Jobbar med å få OT over til fylke

Heidi: Forum nye Bergensbanen: Jobbar med tilsetting av strategisk rådgjevar

Vidju: Jobbar med tilråding vedr. utbytte

KS: Ordførarsamlinga 29 -30 januar og Strategikonferanse: 12 februar

SAK 81/25 NYTT FRÅ BUSKERUD

Marianne Verp orienterte om at økonomiplan er vedtatt:

Kollektivtrafikk aukar med 17 mill. Hallingdal er nemn spesifikt

TT ordning skal styrkast + 17 mill. ekstra til fylkesveg

Ramma på utdanning blir auka – styrking av læringsmiljø på begge VGS i Hallingdal

Arbeid med innanforskap blir styrka

BFK ønskjer eit samarbeid på austlandet om små VGS liner t.d. skog

Besøksforvaltning blir styrka

Sak 82/25 EVENTUELT**Justering av møteplan pga. kollisjon****Vedtak:**

Møte i januar blir flytta til 26. januar

Regional ROS - vidare saksgang.

Tidsramma blir endra. Hallingdal brann og redning blir vurdert til å ta jobben med å utarbeide felles ROS. Me søker midlar frå statsforvaltar.

Oppfølging av Livskvalitetsprosjektet

Det blir jobba med ei oppfølging av livskvalitetsprosjektet. Kjem som sak seinare.

Nasjonalparksenter Geilo

Maria Grevsgård har vorte innvalgt i styringsgruppa i Nasjonalparksenteret på Geilo

TØI – rapport TryggNaTur

Hallingdal er med på ein søknad om forskningsmidlar i regi av TØI

Hallingdalskonferansen 2026

Hallingdalskonferansen blir arrangert på Geilo 27 aug. Me oppmodar regionrådet til på delta og delta på middagen kvelden før.

Beredskapskonferanse på Torpomoen 21-22/1

Det er stor nasjonal interesse, liten lokal påmelding. Fristen for påmelding er utvida.

Samferdselsutvalet vidare

Ordførarane drøfta vidare drift av samferdselsutvalet. Det var semje om behov for hyppigare og betre informasjon i Regionrådet og ein betre plan for arbeidet. Elles fungerer utvalet bra. Det var og semje om ei avtale om godtgjering med leiaren i utvalet.

Hallingdal, 3. januar 2025

for rådsordførar

Jan Olav Helling
Dagleg leiar